Politiske organ.....	7
Sentraladministrasjonen	7
Kultur	9
Aurland Barne- og ungdomsskule	11
Flåm skule.....	12
Flåm barnehage	13
Aurland barnehage	15
Aurland og Lærdal barnevern	16
NAV Aurland.....	17
Ansvar 300 Helse og førebygging	18
Pleie og omsorg	19
Bu- og miljøtenesta.....	21
Teknisk	22
Vedlegg:	25
Vedtakskodeoversikt	25

Innleiing

Rådmannen utarbeider økonomirapportar til formannskapet for vidare handsaming i kommunestyret. Rapportane skal innehalde;

- ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret
- melding om eventuelt avvik i høve til framdrift, kostnader og finansieringsplan knytt til investeringsbudsjettet
- ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon , inkludert finansielle måltal
- ei vurdering av kommunens finansforvaltning
- dersom utvikling tilseier vesentlege avvik, skal rådmann en føreslå endringar i årsbudsjettet

Tertialrapport leggjast fram på første formannskapsmøte etter 25 . mai og 25. september

Økonomi

Det er laga ein prognose pr 1. tertial som er framskriven for heile året. Ut frå denne prognosen vil drifta i einingane samla resultere i meirforbruk, og for Helse og førebygging og Bu og miljø er det naudsynt med budsjettregulering. Det skal elles arbeidast med tiltak for å betre driftsbalansen i tenesteeiningane.

Finansområdet

	Vedteke budsjett 2022	Prognose
Skatt på inntekt og formue	91 846 000,00	92 897 000,00
Rammetilskot	46 219 000,00	46 190 000,00
Eigedomsskatt	44 000 000,00	44 000 000,00
Konsesjonsavgift	17 400 000,00	17 400 000,00
Flyktingetilskot	1 048 000,00	1 048 000,00
Andre statlege overføringar	0	-
SUM FRIE INNTEKTER	200 513 000	201 535 000
Renteinntekter	600 000,00	600 000,00
Utbyte	2 000 000,00	2 000 000,00
Renteutgifter lån	- 3 500 000,00	- 3 500 000,00
Netto renteutgifter/-inntekter	- 900 000,00	- 900 000,00
Mottekne avdrag på lån	200 000,00	200 000,00
Avdragsutgifter lån	- 10 000 000,00	- 10 000 000,00
Netto avdragsutgifter	-9 800 000	-9 800 000
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-10 700 000	-10 700 000
<u>TIL FORDELING</u>	<u>189 813 000</u>	<u>190 835 000</u>

Oversikt drift - tenestoområde

	Vedteke budsjett 2022	Prognose	Avvik	
Politisk leing	2 495 300,00	2 495 300,00	-	0 %
Sentraladministrasjon	26 893 820,00	26 893 820,00	-	0 %
Kultur	4 800 000,00	4 479 089,00	- 320 911,00	-7 %
Aurland barne og ungdomsskule	19 400 000,00	20 080 189,00	680 189,00	4 %
Flåm barnehage	4 900 000,00	4 242 000,00	- 658 000,00	-13 %
Vangen barnehage	9 166 000,00	9 537 507,00	371 507,00	4 %
Flåm skule	6 050 000,00	6 050 000,00	-	0 %
Helse og førebyggjande	15 750 000,00	18 296 510,00	2 546 510,00	16 %
NAV Aurland	2 000 000,00	1 860 658,00	- 139 342,00	-7 %
Barnevern	2 650 000,00	2 650 000,00	-	0 %
Pleie og omsorg	37 000 000,00	37 000 000,00	-	0 %
Bu- og miljøtenester	24 999 980,00	25 650 000,00	650 020,00	3 %
Teknisk	25 213 000,00	25 213 000,00	-	0 %
Sal av konsesjonskraft	- 15 000 000,00	- 15 000 000,00	-	0 %
Lønsoppgjer (blir fordelt)	3 500 000,00	3 500 000,00	-	0 %
Sum driftseiningane	169 818 100	172 948 073	3 129 973	2 %
Netto driftsresultat	19 994 900	17 886 927	-2 107 973	


Det er behov for justeringar allereie i 1. tertial i tenesteiningane Helse og førebygging og Bu og miljø. Dette skuldast rekrutteringsutfordringar i legetenesta og oppbygginga av tiltak i Bu og Miljø. Budsjetta skal vere realistiske.

Skatteinngang pr. 31.04.21

Kommunenummer		4641										
Kommunenavn		Aurland										
Måned	2020		2021		2022		Endring hittil 2021-2022	Endring % 2021-2022				
	Måneds-inngang	Måneds-inngang	1 % av faktisk inng. hele året	Inngang hittil i år	1 % av faktisk inngang	Budsjett periodisert			Måneds-inngang	1 % av justert budsjett	Inngang hittil i år	1 % av justert buds. (akk)
Januar	6 715 238	5 741 011	6,54 %	5 741 011	6,54 %	5 621 794	7 846 126	9,12 %	7 846 126	9,12 %	2 105 115	36,67 %
Februar	15 698 484	415 151	0,47 %	6 156 162	7,01 %	406 530	1 499 332	1,74 %	9 345 458	10,87 %	3 189 296	51,81 %
Mars	8 266 277	22 935 454	26,12 %	29 091 616	33,13 %	22 459 180	7 792 453	9,06 %	17 137 911	19,93 %	11 953 705	-41,09 %
April	15 716 106	1 709 624	1,95 %	30 801 240	35,07 %	1 674 122	2 723 448	3,17 %	19 861 359	23,09 %	10 939 881	-35,52 %
Mai	9 449 441	23 166 637	26,38 %	53 967 877	61,45 %	22 685 562						
Juni	98 521	1 360 474	1,55 %	55 328 351	63,00 %	1 332 223						
Juli	7 020 433	7 675 281	8,74 %	63 003 632	71,74 %	7 515 897						
August	1 050 805	660 892	0,75 %	63 664 524	72,49 %	647 168						
September	9 546 595	9 530 029	10,85 %	73 194 553	83,34 %	9 332 130						
Oktober	11 178 855	1 579 024	1,80 %	74 773 577	85,14 %	1 546 234						
November	23 132 012	9 706 633	11,05 %	84 480 210	96,19 %	9 505 066						
Desember	423 116	3 343 525	3,81 %	87 823 735	100,00 %	3 274 094						

Regnskap 85 938 173 87 823 735

Budsjett 2022 86 000 000



Skatteinngangen pr. 30.04 viser eit avvik på om lag 10. mill. kroner. Dette vil truleg rette seg dei komande månadane, men det er store månadlege svingingar frå år til år.

Finansielle måltal - fond

Disposisjonsfondet:

Pr 31.12.2020 var disposisjonsfondet på 14,0 mill.

Pr 30.04.2022 er fondet på 38 mill.

Konsesjonsavgiftsfondet:

Pr 31.12.2020 var dette på kr 12,5 mill. kroner

Pr 30.04.2022 er fondet på 9,6 mill. kroner

Gjeldsgrad:

Gjeldsgrad er definert som lånegjeld til egne investeringar dividert på brutto . Måtalet for Aurland kommune er at ein ikkje skal kome over 75 % i gjeldsgrad.

Avlagt rekneskap for 2021 viser kr 319 mill. i brutto driftsinntekter. 75 % av dette er 239 mill.

Det har vore ekstraordinære inntekter i 2021 på grunn av høge prisar på straum.

I 2022 er det vedtatt å ta opp lån til vidare utlån gjennom Husbanken på 6 mill. kroner og lån til investeringar med opptil kr 15 mill. kroner.

Ubrukte lånemidlar vil bli overført som finansiering av investeringar i 2022. Ubrukte lånemidlar utgjorde om lag 47 mill. kroner pr 31.12.2021.

Låneportefølgje Aurland kommune pr 30.04.2022.

LÅNEPORTEFØLJE PR 31.12.2022	Pr 31.12.2021	Avdrag 2022	Pr 31.12.2022
Art: 24519372 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20020846	-13 440 000	1 920 000	-11 520 000
Art: 24519373 KOMMUNEKREDITT LÅN NR 8317.50.	-4 775 918	1 061 316	-3 714 602
Art: 24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4	-3 000 000	375 000	-2 625 000
Art: 24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4	-3 000 000	375 000	-2 625 000
Art: 24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248	-6 183 750	727 500	-5 456 250
Art: 24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565	-8 640 000	480 000	-8 160 000
Art: 24519385 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20160505	-8 758 000	437 900	-8 320 100
Art: 24519386 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170414	-18 373 360	706 660	-17 666 700
Art: 24519387 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170374	-30 699 020	-	-30 699 020
Art: 24519388 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20180289	-28 970 850	1 316 860	-27 653 990
Art: 24519389 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20190318	-45 236 400	1 966 800	-43 269 600
Art: 24519390 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20210043	-67 739 100	1 736 900	-66 002 200
T O T A L T	-238 816 398	11 103 936	-227 712 462

Det er vedteke bruk av lån til investeringar i 2022 på inntil 15.000.000 kroner. Låneopptaket vil skje i desember 2022.


Investeringar med budsjettregulering 1. tertial

Prosjektnr	PROSJEKT	Vedtaks KS 102/21	Rekneskap	Budsjettregulering	Rev. Invest bud 2022
		2022	pr 16.05.2022	1. tert. 2022	1.tert
		heile 1000		heile 100	heile 1000
20001	Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	53 000 000	7 028 699	- 12 700 000	40 300 000
	Nybyggdel omsorgsbustadar starta opp i 2022. Byggegruppa er sprengt ut og betongarbeid er påstarta. Tekniske installasjonar kjem ikkje før på slutten av året. Største delen av prosjektkostnadane vil kome i 2023. Budsjetterte kostnader er difor redusert noko for å bli justert meir opp i 2023. Dersom kostnaden vert høgare i 2022 vert dette justert i 2. tertial. Det er knytt usikkerheit til konsekvensane av Indeksreguleringa.				
20002	Ny barnehage (2020)	-	4 836 722	6 000 000	6 000 000
	Overførte midlar frå 2021 for slutføring av prosjekt. Semje om sluttoppgjær, det står att noko arbeid som entreprenør skal gjennomføre blant anna utomhus. Det pågår arbeid med fradeling av tomte og vederlag for kjøp av tomte skal betalast ut.				
20003	Turveg Heggviki - Bøen (2020)	2 000 000	237 770	-	2 000 000
	Vidare arbeid i samsvar med vedtak om arbeid med medfinansiering og gjennomgang av prosjektet for mogleg reduksjon. Krevjande i høve prisauke. Målsetting om å førebu totalentreprise og at ny finansieringssak kan leggast fram for kommunestyre i desember 2022.				
20004	Oppgradering kommunale bruer	-	709 120	750 000	750 000
	Slutføring av sikringstiltak(rekkverk) på kommunale bruer.				
20007	Opparbeiding parkering Gudvangen	-	29 986	30 000	30 000
	Forhandingar om kjøp av grunn er avslutta. Vert ikkje gjennomført i kommunal regl. Sjå i samanheng med vedtak om omfang av parkeringsregulering.				
20011	Vannbehandlingsanlegg Flåm	-	735 833	900 000	900 000
	Prosjekt overført frå 2021. Sluttoppgjær med entreprenør. Prosjektet er ferdigstilt.				
20019	Nærmiljøanlegg leikeplassar	300 000	116 043	500 000	800 000
	Prosjektet gjeld slutføring av leikeanlegg, inkludert nytt anlegg ved Flåm barnehage.				
20021	Overtaking Ystebøen bustadfelt	1 500 000	17 850	2 600 000	4 100 000
	Prosjekt overført frå 2021. Slutføring av tiltak knytt til overtaking av Ystebøen bustadfelt. Arbeidet har vore ute på anbod og posten må aukast for å rette alle feil og manglar, samt som følgje av prisauke.				
20022	Rassikring Fiskhamar			300 000	300 000
	Slutføring av avtale i samband med rassikringstiltak for Fiskhammar bustadfelt. Ferdigstilling av terreng, samt fradeling av areal som kommunen skal erverve.				
20024	IKT - investeringar (2020)	1 700 000	901 336	-	1 700 000
	Gjennomføring av IKT investeringar knytt til overgang til Nordhordaland IKT samarbeidet.				
20027	ENØK - tiltak (2020)			700 000	700 000
	Gjennomføring av nye portar ved Rutebilstasjon.				
20028	Breibandutbygging (2020)	900 000	711 641	1 200 000	2 100 000
	Gjennomføring av utbygging av breiband mot Skjerdal og Bjørge.				
20038	Sikringsprosjekt Hallingsgrovi (2020)	-	54 258	500 000	500 000
	Det pågår prosjekteringsarbeid for nytt varig tiltak for å leie vatnet i rett løp i skredvifta. Det blir gjennomført laserscanning av skredvifte som grunnlag for prosjekteringa. Byggesøknad og gjennomføring.				
20046	Parkeringsplass Pottefot	1 000 000	749 274	-	1 000 000
	Slutføring av det nye parkeringsarealet på Pottefot. Asfaltering og merking står att.				
20047	Parkeringstiltak Aurland parkering	4 000 000	165 839	- 2 000 000	2 000 000
	Prosjektet er redusert som følgje av vedtak om omfang av parkeringsreguleringa. Det blir jobba med prosjektering av parkeringsplass i Flåm, samt sikre straumtilgang for el-lading, lyssetting m.m.				
20048	Tiltak trafikksikringsplan	300 000	-	500 000	800 000
	Gjennomføring av rekkverk Flåmsdalsvegen og intensivbelysning i Hopen.				
20101	VA anlegg Lindølagrovi - Kløkkargarden	1 000 000	12 727	200 000	1 200 000
	Overføring av midlar frå 2021. Handtering av to-sidig vassforsyning til det nye bustadfeltet på Ty, samt overvatn. Gjennomføring hausten 2022. Anbudsprosess i sommar. Usikkerheit i høve prisauke og leveringstid.				
20102	Inventar Aurland barnehage	-	838 229	900 000	900 000
	Nytt inventar til Aurland barnehage. Prosjekt overført frå 2021.				
20104	LED belysning Kårdalstunnelen	-	9 882	400 000	400 000
	Slutføring av LED belysning i Kårdalstunnelen.				
20105	Fagfornyng grunnskular	500 000	-	-	500 000
	Blir gjennomført som budsjettert.				
20107	Velferdsteknologi	250 000	-	-	250 000
	Blir gjennomført som budsjettert.				
20108	Høgdebasseng Fretheimshaugane	15 000 000	50 559	- 5 340 000	9 660 000
	Justert omfang som følgje av behov og avklaringar i forprosjekteringa. Vert førebudd totalentreprise.				
20110	Overvassledning Hopen - ny barnehage SJH	250 000	56 294	-	250 000
	Slutføring av prosjekt.				
20113	Nærmiljøanlegg ABU	2 000 000	45 437	-	2 000 000
	Ny tuffepark skal ut på anbod. Gjennomføring sommaren 2022. Er gjeve tilsegn om spelemidlar.				
20114	Opparbeiding Ty - utbygging	10 000 000	570 342	2 500 000	12 500 000
	Prosjekt overført frå 2021. Bygging av VVA og tomter for nytt bustadfelt er i gang. Pågår fradeling av tomter. Krevjande fjell i høve sprenging. Krev meir prosjekteringsarbeid i høve geoteknikk. Er knytt ein del prisauke til prosjektet som følgje av situasjonen i europa.				
20115	Nytt inngangsparti rådhuset	-	7 636	20 000	20 000
	Prosjektet vert avslutta på grunn av manglande leveringskapasitet hjå leverandørar.				
20116	Vangen kyrkje	400 000	-	- 400 000	-
	Tiltaket vart utført i 2021.				
20121	Sal av Vassbygd industriområde	1 000 000	225 822	-	1 000 000
	Prosjektering og gjennomføring av sikringstiltak i samband med				
20123	Miljøtiltak Flåmsvassdraget	2 100 000	10 547	-	2 100 000
	Prosjektering og gjennomføring av miljøtiltak.				
20124	Miljøtiltak Nærøyvassdraget	-	10 546	300 000	300 000
	Prosjektering av habitattiltak overført til 2022.				
85039	Parkering Flåm kyrkje		5 090	190 000	190 000
	Slutføring av avtale. Fradeling og oppmålingsarbeid.				
90021	Opparbeiding av Fretheimshaugane del 2	-	239 063	250 000	250 000
	Oppfølging av utbyggingsavtale, fradeling og oppmålingsforretning. Pågår heimelsoverdraging.				
95022	PARKERINGSTILTAK, P-VAKTER OG PARKERINGSKOMITE	-	64 383	100 000	100 000
	Kostnader knytt til Aurland trafikk og parkering.				
22003	VA Rådhuset - Trudvang - Hopen		50 901	5 000 000	5 000 000
	Gjennomføring av VA på strekninga. Handtering av akutt tiltak knytt til utslipp i vassdrag. Anbudsprosess pågår, usikkerheit knytt til prisauke og leveringstid.				
	Sum	97 200 000	18 491 829	3 400 000	100 600 000

Organisasjon

Sjukefråver

Det gjennomsnittlige sjukefråværet i Aurland kommune til og med 30. april var på 7,05%. Det er ei betydeleg auke frå i fjor, men skuldast at det i februar var 8,66% sjukefråværet og mars var 9,23%. I denne perioden var mange smitta av Covid-19 i Aurland. I april gjekk sjukefråværet tilbake til 4,81%.



Politiske organ

Kjerneoppgåver:

- Ordførar
- Møte i folkevalde organ

Det er gjennomført politiske møte i tråd med møteplan med nokre reguleringar av dato for fagutvala.

Mål/utviklingsområde:

Vedtakscodeoversikta syner status for dei politisk handsama sakene denne perioden.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
1.400.710	1.519.303	92

Sentraladministrasjonen

Leiar: Beathe Ekhall Stentvedt

Forvaltning og utvikling (FORUT)

Kjerneoppgåver:

- Kommunal planlegging
- Byggesakshandsaming
- Næringsretta arbeid

- Handsame søknader konsesjonsavgiftsfondet
- Kommunalt eigarskap
- Samfunnsutvikling
- Konsesjonskraft
- Miljø og vassforvaltning

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Kommuneplanen og økonomiplanen
- Oppfølging av verdsarvstatus og verneområde
- Koordinere arbeid med miljø, klimatilpassing og vassforvaltning

Viktige hendingar:

- Utarbeida høyringsutkast av samfunnsdelen
- Områdeplan for Flåm lagt ut på høyring
- GNIST-Interkommunalt prosjekt
- Byggesakshandsamar slutta 30. april

Mål/utviklingsområde:

- Vedtak av samfunnsdelen til kommuneplanen
- Vedtak av områdeplan Flåm
- Oppstart arealdelen til kommuneplanen
- Utgreie og etablere interkommunale samarbeid innanfor aktuelle fagområde innanfor samfunns-, næringsutvikling og forvaltning
- Lokal plan for aldersvennleg samfunn / levande lokalsamfunn
- Oppretthalde kontinuitet i byggjesakshandsamingsoppgåver

Støtte og digitalisering (STØDIG)

Kjerneoppgåver:

- Arkiv
- Sentralbord og resepsjon
- Politisk sekretariat
- Informasjon
- Val
- Løn og personal
- Økonomi og rekneskap
- IKT

Viktige hendingar:

- Ny økonomileiar
- Årsavslutning
- Vedteke kommunikasjonsstrategi
- Tilslutning til depotavtale Fylkesarkivet
- Sett i drift nytt tidregistreringsystem
- Nytt arbeids- og fleksitidsreglement

Mål/utviklingsområde:

- ✓ Delprosjekt i omstillingsprosjektet – merkantil/Stødig. Omstille merkantile tenester til Lærdal kommune går ut 1.januar 2023.
- ✓ Digitalisering og smarte prosessar
- ✓ Samhandling 365 – informasjonsplattform for tilsette i kommunen

- ✓ Netpower kvalitetssystem

Fellesoppgåver som sentraladministrasjonen har ansvaret for (tverrfagleg):

Sentraladministrasjonen har ansvar for intern tenesteyting ved støtte og digitalisering og samfunnsutviklingsoppgåver ved forvaltning og utvikling.

Kort resultatvurdering:

Kommunen har hatt skifte av økonomileiar i ein svært hektisk periode med årsavslutning. Administrasjonen greier å oppretthalde dagleg drift, men vakansar og fråvær har ført til høg arbeidsbelastning på enkelte over tid.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
9 844 477	10 370 986	-5,4

Sentraladministrasjonen ligg an til å ende på budsjett.

Avviket skuldast utslag i periodisering. Mellom anna er lisensar og kontingentar periodisert på månader, men vert betalt halvårleg. I tillegg må bruk av konsesjonsavgiftsfondet endre periodisering.

Kultur

Tenesteleiar: Monica Hille

Kjerneoppgåver:

Kulturadministrasjon, Kulturvern, Folkebibliotek, Skulebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og ungdom, Ungdomsrådet, Fritidsklubben, Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Idrett, Utstillingar i Heradshuset som Galleri Vinjum og Sivleutstillinga, kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, Arrangement i kommunen, Kulturminnedagar, Namnenemnd, Sti og løypeplanprosjektet, Nynorske Litteraturdagar, Teater Vestland, Kommunal Veterankontakt m.m

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Kulturarvteam
- Kulturarvplan
- Ungdomsrådet
- Den kulturelle Spaserstokken
- Den kulturelle skulesekken
- UKM

Viktige hendingar:

Kulturskule

- Normal undervisning etter pandemien. Danseverkstad hadde danseoppvisning i februar. Planlegging av kulturskulekonsert torsdag 16.juni i AIS.

Arbeid med barn og unge/klubb

- Klubben har vore ope til ordinære opningstider, og det er mange born som møter opp på leksehjelp og på onsdag kveld.
- Ungdommane har vore vanskeleg å få attende på klubben, men no ser det ut til at dei møter

- UKM avlyst grunna lite personale og nedstenginga i januar, usikre tider.
- Nattevandringa har vorte planlagt og koordinert

Biblioteket

- Planlegging av Sommarbibliotek i Heradshuset
- Levert statistikk for 2021
- Planlegging av Sommarles 2022 - Lesekampanje for born i alder 1.-8.kl.
- Lesebingo for born, unge og vaksne, med flott deltaking.

Galleri Vinjum

- Planlegging og førebuing av utstillingar av lokale kunstnarar i haust
- I sommar skal Galleriet vere ope måndag til torsdag, samt måndag og torsdag kveldar

Kulturadministrasjon

- Planlegging av 8. mai og Aurlandsmarsjen 8. aug
- Møter i Namnenemnda, Sti og løypeplan gruppa, Galleri Vinjum og Nynorske Litteraturdagar
- Kulturmidlar har vorte handsama
- Straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar har vorte handsama

Nynorske litteraturdagar

- Arbeidet med årets NL er i gang og innan 15. mai ligg programmet klart, 21. – 22. oktober er det festival
- Utarbeida nye vedtekter til NL

Mål/utviklingsområde:

- Kommunen vil i år og flytta biblioteket til sentrum, dette fordi det er utfordrande å få personalkabalen til å gå opp om sommaren. Samstundes skal det føregå graving ved ABU. Det var vellukka med sommarbibliotek sist sesong. Det er og ein fordel med å kombinasjon sommarbibliotek og utstillingane. Måla er å gjere biblioteket meir tilgjengeleg, og nå fleire og nye brukarar, samt auka formidlinga av litteratur.

Kort resultatvurdering:

Eininga jobbar mot måla og følgjer årshjulet.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
1.769 645,-	1.851 566,-	4,63%

Underskotet skuldast føring av ein prosjektstilling på Landbruk, der staten ikkje har utbetalt oss dei reelle utgiftene me har hatt på vårt budsjett. Dette vil rette seg opp.

Aurland Barne- og ungdomsskule

Tenesteleiar: Bjørg Henriette Gustavsen

Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei tilfredsstillande og tilpassa opplæring til alle elevar. Dette skjer gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Me skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er «*ABU skal vere ein skule for alle, med blick for den enkelte.*»

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Skulen har nære relasjonar til PPT og helsesjukepleiar. Samarbeidspartnarar som står meir i tredjeline til skulen er BUP og andre fagspesifikke kompetanseteam. Skulen pliktar å samarbeide med alle partar til det beste for barnet.

Skulen har og oppgåver knytt til vaksne som har trong for vaksenopplæring eller norskopplæring.

Skulen er naturleg part i kommunen sitt Innsatsteam. Skulen er formidlar av tilbodet til føresette, men og ein part som skal legge til rette for gode tiltak i den vidare prosessen.

Skulen har bidrege med å få på plass «handlingsplan for eit godt barnehage- og skulemiljø i Aurland kommune». Denne planen vart vedteken i februar 22.

Viktige hendingar:

- Munnleg prøveeksamen for 10.klasse – mai 22
- Standpunktvurdering og utdeling av vitnemål på avslutningsfest for 10.klasse - juni 22
- Følgje årshjulet for «Levande skule - entreprenørskapsplan», eit samarbeid med SJH og Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Oppretthalde og vidareutvikle at skuleklubben i barnehagane besøker skulen og SFO fem gonger våren 2022 for å gjere overgangen barnehage skule så god som mogleg for skulestartarane
- Deltaking for 6. trinn i prosjektet SmartEnergi og Entreprenørkonkurranse og messe
- Ulike lokale prosjekt på skulen som nyttar dei tre nye temaene berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring
- Leirskule i Dyrdal for 6. klasse
- Førebyggjande arbeid som deltaking hjå Politikameratane og lokale MOT-øker på skulen
- Vidareutdanning i faget engelsk samt deltaking på 40 timars kurs i programmering

Mål/utviklingsområde:

- Sikre at det vert trygge og gode overgangar. Frå barnehage til skule, frå småskulen til mellomsteget, frå mellomsteget til ungdomssteget og frå ungdomssteget til vidaregåande skule
- Resultat på eksamen og vitnemål som elevane er stolte av
- Kartlegge og finne elevar som treng ekstra oppfølging i skulekvardagen slik at rett tiltak til rett tid kan bli effektivisert. Å finne elevar som treng ekstra oppfølging betyr både dei som strevar, men og dei som har gode eller svært gode læreforutsetningar
- Nulltoleranse mot mobbing og krenkelse: førebygge, informere, kartlegge, eventuelt setje inn tiltak

- Gi god norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn
- Jobbe vidare med å implementere LK20 i undervisninga
- Pedagogisk utviklingsarbeid kommande skuleår skal handle om elevvurdering og sosial kompetanse. Sosial kompetanse skal gå også inn i skuleåret 23/24

Kort resultatvurdering:

Skuleåret 2021-22 er det på ABU 131 elevar, 32 born på SFO inkl. bussborn. Det er 4 vaksne deltakarar på norskopplæring. Kommunen kjøper tenesta norskopplæring frå Lærdal og Sogndal kommune, og kjøper PPT-ressurs og logopedi frå Sogn PPT. I tillegg blir det kjøpt halve dags-opphald på «Inn på tunet».

Skulen har gjennom ulike organiseringar rundt 50 timar spes.ped timar i veka frå 1 til 10. trinn . I tillegg kjem timar kor klassar med særskilte behov vert styrka med ekstra pedagog. Målet med styrkingstimar er å unngå at elevar sakkar akterut i den faglege utviklinga, men heller får det ekstra puffet til vidare framgang.

Skulen hadde lærling fram til vinterferien, men får ikkje nye lærlingar for kommande skuleår. Skulen har hatt ein lærarstudent i praksis.

Det er høg grad av trivsel blant både elevane og tilsette.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
6 962 261,-	7 324 828,-	5%

Når ein går inn i reknskapet så finn ein nokre postar som kan forklare totalavviket på 5%. Det blei sett inn ekstra ressurs for skuleåret 21-22. Den auka lønsutgiftene er ikkje justerte inn i budsjettet frå 01.01.22. Det er og belasta dobbel løn i ein månad i samband med overgang til ny tenesteleiar. Det er ikkje ført refusjon (periodisering) vedkomande norsk opplæring. Skulen fekk og ei overskriding knytt til utkjøp av leasingavtale med Office i det IKTNH sin avtale med kommunen ble igangsett.

Flåm skule

Tenesteleiar: Astrid Hassel

Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Skulen skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling og få god fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Skulen skal skape eit trygt og godt skule- og læringsmiljø med fokus på god psykisk helse og med tett oppfølging frå vaksne.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge lokalt og regionalt i region Sogn. Skulen deltek i vidareføringa av samarbeidet etter prosjektet «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland», i fagnettverk og pedagogisk utviklingsteam.

Viktige hendinger:

- Drifta skulen i heftige koronatider med mykje fråvær hjå elevar og tilsette, og på same tid gjennomført skulen sitt teaterprosjekt med tre framsyningar
- Ferdigstilt handlingsplan for eit godt barnehage- og skulemiljø i Aurland kommune gjeldande frå 01.05.2022
- Regional fagdag for SFO og delt regional/lokal fagdag om å lære å lære for lærarane
- Tverrfagleg lokal fagdag i «på tvers»-prosjektet – alle tilsette
- Digital og regional samling med Statsforvaltaren om oppvekstreforma - tenesteleiar
- Kompetanseheving gjennom opplæring med IKTNH og Visma

Mål/utviklingsområde:

- Innarbeide dei ulike delane av fagfornyinga og rammeplanen for SFO
- Førebygge, avdekke og handtera mobbing og krenkingar, fremme trygt og godt skulemiljø med fokus på livsmeistring, god psykisk helse og tett oppfølging frå vaksne – jfr. Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 - 2023
- Utarbeide handlingsplan for eit godt barnehage- og skulemiljø i Aurland kommune – samarbeid mellom barnehagane og skulane
- Vidareutvikle den auka digitale kompetansen hjå elevar og tilsette, ta i bruk og prøve ut fleire digitale læringsressursar og hjelpemiddel
- Implementere tiltakskorta og betre det tverrfaglege samarbeidet

Kort resultatvurdering:

Flåm skule og SFO blir drifta så nøkternt og løysingsorientert som mogeleg.

Personalressursen utanom undervisning går til: Kontaktlærarar, tillitsvald, bibliotekansvar, elevrådskontakt, IKT, leksehjelp og livsfasetiltak – *til saman utgjør dette 70 % stilling.*

Ressurs til IKT vil gå ned til eit minimum (1 t/v) etter vi kom under IKTNH.

Resultat i høve rekneskap og budsjett litt godt an. Frå hausten 2022 må vi redusera den pedagogiske personalressursen for å kunne halda budsjetttramma. Det hadde også vore ynskjeleg å sjå på andre tiltak, men dette skal vurderast gjennom omstillingsprosjektet.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
2 171 507	2 189 664	- 0,84

Flåm barnehage

Tenesteleiar: Marianne Christensen

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor med lovmessig rett på barnehageplass, ynskjeleg at alle får barnehageplass
- Ny program plan for system for styrka læring 2022 -2030
- Hovudopptaket 2022 er ferdig stilt, alle som søkte fekk plass
- Implementering av ny handlingsplan for godt barnehage og skule miljø i Aurland kommune
- Nettpower / teams opplæring

Mål/utviklingsområde:

- Pedagog/bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning.
- Barna tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet.

Kort resultatvurdering:

Aurland	Landet
2021	2021
24,9	42,7

Tala viser andel barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga pr 2021. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma og arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
1 714 915	1 495 216	12,8%

Kommentar og evt. tiltak under

- Kontinuerleg oppgradering av leike og pedagogisk material både ute og inne
- Redusert brukarbetaling i forhold til låg inntekt
- Auka betaling av lisensar
- Skjult kostnadar, gunna mangel på tilsette

Aurland barnehage

Tenesteleiar: Elisabeth Øynebråten Bekkedal

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Ny programplan for system for styrka læring
- Tverrfagleg samarbeid barn og unge.
- Kommunen er innan for lovmessig rett på barnehageplass, ynskjeleg at alle får barnehageplass
- Oppstart i Aurland barnehagen 01.03.22
- Hovudopptaket 2022 er ferdig stilt, alle som søkte fekk plass
- Implementering ny handlingsplan for godt barnehage- og skulemiljø i Aurland kommune
- Nettpower/teams opplæring

Mål/utviklingsområde:

- Oppretthalde pedagog/bemannings norma
- Få rekruttert nok kvalifisert personale
- Barn tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass
- Halde fokus på godt arbeidsmiljø

Kort resultatvurdering:

Aurland 2021	Landet 2021
24,9	42,7

Tala viser andel barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga pr.2020. pr. dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma og arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
3 242 088	3 392 718	-4.65%

Kommentar og evt. tiltak under

- Redusert brukar betaling i forhold til låg inntekt og rett på gratis kjernetid frå dei er 2 år.
- Grunn Covid-19 utbrot er det tek inn ekstrapersonale.

- To nye vedtak på barn som treng ein til ein, auke i bemanning frå august 2021, det eine tiltaket går over i skulen frå august 2022 og det andre må vidare førast frå august 2022. Den eine vil bli ein fast stilling og må vidareførast når barnet skal i skulen.
- Søskenmoderasjon vert lagt til Aurland barnehagen der dei har søsken i Aurland og Spiren. Dette burde vert delt mellom Spiren og Aurland, mindre inn på brukarbetaling for Aurland barnehage

Aurland og Lærdal barnevern

Tenesteleiar: Anja Brekke Moldvær

Kjerneoppgåver:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette betyr tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar. Utviklingsplanen til barnevernet har med dette som eige punkt i arbeidet framover

Barnevernet deltek i prosjekt «På tvers».

Frå 1.1.22 skal kommunen ha ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Det er kommunestyret som har ansvar for at kommunen har ein slik plan, men barnevernet vert ein sentral bidragsytar inn i dette arbeidet.

Viktige hendingar:

- Vakanse på tiltaksarbeidar stillinga, noko som kan gje utfordringar dersom me lyt kjøpe inn tiltaksressursar som fylje av det. Det vert jobba med å rekruttere inn.
- Kommunen har frå 1. januar i år overteke større delar av ansvaret for barnevern, herunder tiltak til utsette barn og unge.
- Det er framleis lite meldingar inn i tenesta i Aurland, dette må jobbast med. Dersom sakene kjem inn seint, slik tilfelle har vore dei siste åra vil det frå 1.1.22 kunne koste mykje med tanke på at kommunal eigenandel på statlege tiltak fell vekk. Døme på dette er at ein institusjonsplass vil koste i overkant av kr 100.000,- per måned.

Mål/utviklingsområde:

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er så smått komme i gang att, og tenesta har inngått avtale med Visma Veilederen. Dette verktøyet vil vere eit løft i høve opplæring og eigenleing i tenesta.
- Ingen fristbrot.
- Barnevernreforma og endringane der held fram inn i 2022. Det vil utfordre kommunen til å sjå oppvekstområde og tiltaksporteføljen vår meir under eitt, og er spennande utviklingsarbeid for heile oppvekstsektoren

Kort resultatvurdering:

Tenesta har opplevd mykje utskifting dei siste åra, og har hatt vakanse over tid i ei stilling. Dette går ut over personal- og utviklingsarbeid. Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr 30.4	Rekneskap pr 30.4	Avvik	Avvik i %
kr 1 568 983	kr 1 461 238	-107 745	-6,87%

Tenesta ligg greitt ann i høve budsjett. Frå 1.1.22 vil kommunal eigenandel statlege tiltak falle vekk, og kommunen lyt difor vere særleg merksame på dette. Per i dag kjøper Aurland eit bufetat tiltak. Dette er ikkje eit døgntiltak, og er av avgrensa varigheit. Tiltaket er komme i stand etter at budsjett for 2022 vart lagd. Dette nye tiltaket treng vil, slik det ser ut no, ikkje bety meirforbruk i høve budsjettet. Tenesta har per 30.04 eit mindreforbruk.

NAV Aurland

Tenesteleiar: Einar Moen – kontorleiar NAV

Kjerneoppgåver:

Lov som sosial omsorg.

Flyktingtenesta med Introduksjonslova.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Individuell plan.

Medverke i ansvarsgruppemøte og koordinerande eining.

Tverrfaglege samarbeidsmøte i Flyktingtenesta.

Viktige hendingar:

Innført Digisos

Tildelt ressurs til Flyktingtenesta

Mål/utviklingsområde:

God økonomirådgeving, formidling og støtte til arbeidslinja på brukarnivå.

Gi betre tenester til arbeidsgjevarar

Medverke godt til utviklingsarbeid i NAV region Sogn

Kort resultatvurdering:

God drift i formidlingsarbeidet og overgang til arbeid. God kontroll på driftsbudsjettet. Lite press på sosialbudsjettet.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
666.667	461.712	- 30,74

Sidan det er god oversikt over større postar, er det ikkje gjort ei total periodisering av budsjettet. Det kjem rekningar for tenestekjøp, som gjer at budsjettet går meir i retning av

balanse i siste tertial. Større postar her er krisesenter og gjeldsrådsgjevar. Kostnad til sosialhjelp og lønn ligg noko under budsjett pr. 1. tertial.

Økonomi/ressurs: Flyktning

Det er ikkje budsjett-råme på Flyktningbudsjettet, funksjon 24220 og 27500. Prognostisk er forbruket nokon under oppsett budsjett.

Ansvar 300 Helse og førebygging

Tenesteleiar: Guri Olsen

Kjerneoppgåver:

Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid, mellom anna det nye innsatsteamet retta mot barn og unge. Eininga deltek i arbeidet kring Leve Heile Livet reforma med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

Viktige hendingar:

- Smittebølgja med Covid-19 i kommunen kom i februar / mars, og det vart arbeid med informasjon ut til innbyggjarane. Kommunen fekk veldig mange heimetestar som vart lagt ut på legekontoret, rådhuset, Underdalsbui, Joker i Gudvangen slik at innbyggjarane lett kunne få tak i testar til eige bruk.
- Høgare sjukefråvær enn vanleg i eininga dette kvartal, grunna fleire Covid-19 sjuke tilsette.
- Kommunen fekk ikkje LIS1 lege / turnuslege halvåret frå mars og ut august.
- Oppseiing av fastlegestilling med verknad frå 1 juni.
- Rekrutteringsvanskar legestilling.
- Eininga har hatt fleire studentar i praksis første kvartal mellom anna innan sjukepleie, helsesjukepleie og ergoterapi. Studentar er friske pust som bidreg til halde personale oppdatert fagleg når dei kjem fulle av spørsmål ut i praksis i kommunane. Dette er også ein flott måte å vise kommunen og kommunal sektor som framtidig arbeidsplass.

Kort resultatvurdering:

Eininga byrjar ved slutten av 1. tertial å komme tilbake til ordinær drift utan pandemirelaterte restriksjonar, rutinar og oppgåver. Arbeidet kring koronavaksinerings er over for denne gang, men eininga er førebudd på nye vaksinasjonsrundar.

Fysioterapi og ergoterapi melder om lengre ventetid på tenester enn ynskjeleg for tenesta.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
5 602 454	6 331 281	13

Eininga har stort avvik i høve budsjett på legekontoret. Avviket skuldast bruk av vikarlege. Det er vore lyst ut stillingar utan å få søkjarar, slik at det er pårekneleg med auka kostnadar til vikarlege ut året.

Det er kostnadsført kr 611.000 på dei ulike prosjektkodane for koronarelaterte kostnader. I dette ligg handtering av koronaarbeidet i kommunen, vaksinerings, testing, smittesporing, osv. Kr. 367.000 av dette er ført på legekantoret.

Pleie og omsorg

Tenesteleiar: Essi Mäki

Kjerneoppgåver: planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

- **Institusjonstenester**
 - Helsehjelp, behandling, rehabilitering, avlastning, korttidsopphold, og langtidsopphold i institusjon
- **Tenester i eigen heim/omsorgsbustad**
 - Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringning, trygghetsalarm/velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering, samt dagsenter for heimebuande eldre med demenssjukdom

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytar, som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, tannlege, og spesialisthelseteneste. Samhandling og samarbeid internt med tenesteeiningar teknisk på bygg /bustader.

Viktige hendingar:

- BHT-samarbeidsplan for 2022 ferdig 14.02.2022
 - Helsekontroll i mai 2022
- Innlevering av svar på oppfølging av tilsyn, Arbeidstilsynet 27.04.2022
 - Risikokartlegging, vurdering og handlingsplan (ROS-analyse) på vold og trusler samt uheldige belastningar
 - Bistand frå bedriftshelsetenesten, Anovova til ROS-analysen
 - Frå ROS-analysen og handlingsplan
 - Kurs i vold og trusler og uheldige belastningar i regi av Avonova 21.04.2022
 - Kurs i psykososialt arbeidsmiljø og stressmeistring i regi av Avonova 19.05.2022
- Søknad om deltaking i læringsnettverk i regi av KS, TØRN: organisering av helse og omsorgstenester
 - Førstesamling i TØRN 27.04.2022
- Oppstart i opplæring i velferdsteknologiens ABC for tilsette i pleie og omsorg 28.04.2022
- [Seminar om kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi 12.05.2022](#) for innbyggjarar i kommunen ved Aurland helsetun
- Kunngjering av [kommunalt utdanningsstipend](#) saman med bu og miljøtenester jf. KS sak: 096/21
- Samarbeid med kultur om [kulturell aktivitet i Aurland helsetun](#), plan for 2022
- Leve heile livet reformen og arbeid lokalt
 - Oppretting av [forslagskasse](#) for innspel og forslag på forbetring av pleie og omsorgsteneste
- Førebygging av trykksår – kurs 06.04.2022 gjennom NAV hjelpemiddelsentralen
- Tannhelse, tann - og munnpleie i institusjon og heimesjukepleie, kurs 31.03.2022 gjennom Vestland fylkeskommune
- Planlegging smittevernrevisjon for 2022 (02.11 og 03.11.2022)

Mål/utviklingsområde:

- Organisering av helse og omsorgstenester
 - Heiltidskultur

- Rett kompetanse til rett tid og stad jf. TØRN
- Prosjekt om nytt EPJ-system (saman med andre kommuner i IKNHT-samarbeid)
- Innføring av velferdsteknologiske løysingar
- Deltaking i gode pasientforløp mars 2021- september 2022
- Leve heile livet
- Rekruttere og behalde i helse og omsorg ink. kjøkken
- Oppdatering av informasjon på kommune sitt nettsida om pleie og omsorg
- Planlegging av byggeprosjekt for fleire bueiningar med heildøgntenester

Kort resultatvurdering:

Første del av 2022 har tenester vore preget av covid-19. Tenester ble redusert og dei blei ytt med redusert bemanning. Manglande bemanning har ført til auka utgifter. I tillegg til dette har helsetun(institusjon) hatt over lengre tid ledige stillingar, det er nå rekruttert inn 1 sjukepleiar og 1 vernepleiar, men det er fortsatt 2 ledige stillingar som helsefagarbeidar i 75 % stilling. Det er òg fleire ledige vakter på helg, i tillegg til ledige vakter på sommaren. Vakanse oppstår òg som følge av naturlege årsaker, til dømes ved permisjon og sjukdom. Over lengre tid har det vore utfordringar med rekruttering og ledige vakter. Dette ser ut til å føre til auka utgifter i perioden med sommerferieavvikling. Det vert arbeidet med rekruttering i ulike plan, men framskrivingar og behov framover tyder på at innbyggjarar må ta meir ansvar for sin eigen alderdom og planlegging av den. I tillegg må pleie og omsorg vurdere og kartlegge nærmare organisering av tenester, korleis knappe ressursar kan bli brukt betre og meir effektivt. Som i et ledd i dette arbeidet, ble det søkt om deltaking i KS sin læringsnettverk TØRN, dette er forankra i omstillingsprosess. Arbeidet som blir gjort er òg avgjerande med tanke på drift av tenester i nybygg. Pleie og omsorg driv med fleire utviklingsprosjekt og å få til utvikling krevja ein balanse mellom oppgåver på drift og utvikling. Balansen kan vere utfordrande å få til med tanke på redusert bemanning.

Meirforbruket 1. tertial skyldast delvis utgifter til fastløn.

Korona-utgifter er kr 83 048,56

Økonomi/ressurs (1-4)

Budsjett pr. 10.05.2022	Rekneskap pr. 10.05.2022	Avvik %
13 185 978	13 228 304	0,32 %

Tiltak for å oppnå balanse i budsjett:

- Gjennomgang av økonomi med avdelingsleiarar månadleg – diskusjon om aktuelle tiltak for å halde budsjettet
- Redusert bemanning når det ikkje er fullt belegg i helsetunet
- Unngå bruk av vikarar når det er ikkje fullt belegg i helsetunet
- Minimalt med overtid. Jf. arbeidsmiljølova, men det kan vere naudsynt pga. behov for sjukepleiarkompetanse
- Reduksjon av tenester (praktisk bistand i sommar)
- Redusert tilbod på dagsenter på sommaren (frå 3 til 1 dag)
- Reduksjon av bemanning når det let seg å gjere mtp. forvarlege tenester

Bu- og miljøtenesta

Tenesteleiar: Christine Warholm Naasen

Kjerneoppgåver:

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

Tenester i eigen heim/ omsorgsbustad med heildøgnteneste:

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlastning, støttekontakt, omsorgsstønad

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, verje, nettverk, koordinerande eining og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

Mål/utviklingsområde:

1. Tildele tenester etter helse- og omsorgstenestelov basert på søknad om teneste, evaluere tenester i tråd med vedtak og iverksette nye teneste.
2. Fokus på smittevern.
3. Ta i bruk ny velferdsteknologi.
4. Tilpasse og omstille drift i samband med etablering av ny avdelingsleiarfunksjon.

Viktige hendingar:

Pandemi:

- Eininga har jobba kontinuerleg med omstilling og tilpassing av drift i høve overordna smittevernregler. Reglane har endra seg raskt og eininga hadde eit kontinuerleg fokus på revidering/ oppdatering av rutinar
- Smitteutbrotet i Aurland førte til at store delar av arbeidsstokken vart råka. Deler av tenestene vart reduserte for ein kort periode for nokre av tenestemottakarane. Dette var i tråd med planane som var utarbeida. Perioden var prega av høgt sjukefråvær, som har ført til meirforbruk av ekstrahjelp og overtid i alle avdelingar og tiltak. I dei avdelingane der det har vore forsvarleg, har eininga også redusert bemanninga i denne perioden. Til saman hadde eininga kostnader på 55 000 kr som vart kategorisert som koronarelatert overtid, i tråd med KS-avtalen. Her er ikkje avtalefesta tillegg og variable tillegg medrekna, slik at kostnadene truleg har vore høgare.
- Tenesteutvikling:
 - Nye avlastningstiltak i tråd med auka brukarbehov som vart etablert haust/ vinter 2021 vart permanent frå 1 tertial 2022. Tiltaket har auka med om lag 1 årsverk.
 - Oppbygging av eit omsorgstiltak i tråd med auka brukarbehov i denne perioden har ført til auka kostnader, spesielt då tiltaket har hatt vakanse, og er i ein oppbyggingsfase. Dette vil få vidare konsekvensar i 2. tertial, då tiltaket vil ha 9,5 årsverk frå 1.06.22.
 - Eininga har jobba med å rigge tenestene for å kunne ta i bruk velferdsteknologi, og ser potensiale for innsparing. Leverandør på ny teknologi er forseinka, og prosessane vert forlenga.
 - Eininga fekk tildelt tilskot til rusarbeid frå Statsforvaltaren, på til saman 440 000kr. Tilskotet er ei vidareføring av tilskotsordning kommunen fekk tildelt

i 2020 og 2021, og dekker lønskostnader for miljøterapeut ved Vårdrum i 100 % stilling i driftsåret 2022.

- Vetleli har lukkast å få rekruttert miljøterapeut i 80% fast stilling, og har såleis fått auka kompetansen i avdelinga. Stillinga vart gjort om frå helsefagarbeidar til miljøterapeut, og Vetleli har såleis 1,8 årsverk for miljøterapeut. Dette er i tråd med eininga si kompetanseplan, då behovet for fleire med høgskuleutdanning har vore stort over fleire år. Auken var budsjettet.
- Avdelingsleiarfunksjonen vart etablert 1.09.20, vedkomande starta i stillinga i september 2021. Avdelingsleiar har starta opplæring i sine oppgåver for å kunne ivareta drifts- og personaloppgåver. Deltek mellom anna på kurs for nye leiarar i helse og omsorgstenestene som går over 8 månader.
- Eininga har jobba systematisk med å ta i bruk nye elektroniske verkøy- Samhandling 365; bruk og kommunikasjon ved hjelp av Teams. Dei tilsette har fått tilbod om opplæring, og det er etablert eigen Teams gruppe for kvar avdeling og tiltak. Dette har betra samhandlinga i eininga og er ei sær sars positiv utvikling.
- Eininga har tatt del i prosjektgruppa til IKTNH i høve anskaffing av nytt EPJ-system, prosjektet vart avslutta i mars og resulterte i at Aurland skal byte journalsystem i 2022.
- Eininga har delteke på opplæring i nytt elektronisk kvalitetssystem og avvikssystem i denne perioden. Arbeidet med å ta i bruk og implementere systemet vil halde frem i neste tertial.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i %
10 950 000	11 700 000	6,4

Rekneskapen syner eit meirforbruk på om lag 750 000 kr. Hovudårsaka er overtid for å sikre forsvarleg drift. Meirforbruken er også relatert til oppbygginga av nye tiltak om avlastning og heildøgns omsorgstiltak, i tråd med endra brukarbehov. Prognosane tilseier at meirforbruk vil auke i 2 tertial, då det er tilsett fleire årsverk i desse tiltaka. Desse tiltrer i stillingane sine i 2.tertial. Det vert jobba kontinuerleg med å redusere bruk av overtid, og gjere grep for å redusere overforbruket.

Teknisk

Tenesteleiar: Reinhardt Sørensen

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Eigedomsforvaltning og grunnnerv
- Drift og forvaltning av kommunale vegar
- Drift og forvaltning av kommunale bygg
- Drift og forvaltning av vatn og avlaupsanlegg
- Drift av miljøstasjon og grøntanlegg
- Brannberedskap og førebyggjande brannvern
- Kommunal beredskap
- Vassforvaltning, ureiningssaker og utsleppsaker

- Kart, geodata og oppmåling

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Gjennomføre kommunale investeringar og prosjekt.
- Delta i rådgjevingssprosjekt knytt til gjennomføring av investeringstiltak i andre tenesteeiningar.
- Kommunal beredskap, beredskapskoordinator.

Viktige hendingar i 1. tertial:

- Ferdigstilling av Aurland barnehage.
- Oppstart nybygg omsorgsbustadar Aurland helsetun.
- Oppstart bygging av VVA og tomter Ty bustadfelt.
- Nytt leikeanlegg Undredal og planlegging av nye anlegg Flåm, Gudvangen og Aurlandsvangen

Mål/utviklingsområde:

Års- og utviklingsplan for Teknisk - 2022

- Fokusområde og prioriterte tiltak.

Sideterrensinnspeksjonar på kommunale vegar og bruer	Fortløpande rapportering av avvik og utbetringspunkt på kommunale vegar
Hovudplan for veg	Hovudplan for veg – status, utbetringspunkt, framdriftsplan.
Planlegge oppfølging av prioriterte tiltak i kommunale planar	Overleveringsmøte når aktuelle planar er vedtekne/stadfesta
Investeringsreglement	Implementering av nytt investeringsreglement og økonomireglement som vart vedtekne i 2021
Tenesteskildringar	Utarbeide tenesteskildring for dei ulike fagområda på eininga
Geodataplan	Utarbeide Geodataplan for dei neste fire åra for kommunen
VA base	Oppdatering FKB data - VA base i kart, som grunnlag for hovudrullering av hovudplan VA
Tilsyn private avlaupsanlegg	Tilsynsstrategi, tilsynsprogram, malar
Aurland trafikk og parkering	Innføring av parkeringsgebyr, administrering, handheving, tilrettelegging, opparbeiding i samsvar med vedteken parkeringsstrategi og organisasjonsform.
Oppfølging trafikktryggingstiltak	Oppfølging og gjennomføring av trafikktryggingstiltak i gjeldande plan Innføre system og rutinar for TS-inspeksjonar på det kommunale vegsystemet.
VA norm	Oppdatere VA norm ÅLAV
Rapportering	Utarbeide rutine for rapportering til politisk organ, samordna med møtekaldender.
Strategi for drift av park og idrettsanlegg	Utarbeide strategidokument for drift av park og idrettsanlegg i samband med at tenesta skal drivast i eigen regi.

Kort resultatvurdering:

Konsekvensane av Covid-pandemi har vore merkbart i form av tapte inntekter på vatn til cruisenæring og næringslivet i 1 tertial. For 2 tertial ser situasjonen betre ut.

Eininga har tilsett ny kommunegartner i samband med at drifta av parkanlegga og

idrettsanlegg skal drivast i eigen regi. Eininga vil bruke ein del tid og ressursar på å bygge oppatt tenesta og kjøpe inn nytt utstyr.

Pandemien, og no krigen i Ukraina, har ført til auka pris og etterspurnad på materialer. Leveringstida har auka vesentleg og det er stor usikkerheit knytt til pris. Denne situasjonen får direkte konsekvens for både investeringar, drift- og vedlikehald.

Det har vore lite akutte hendingar for Aurland brannvern i 1 tertial. I starten av året var det lite trafikk som følgje av nedstenging i samband med covid.

Eininga har gjennomført akutte vedlikehaldstiltak på kommunale bygg i 1 tertial. Det er venta at det må gjennomførast tiltak også fram mot 2 tertial.

Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 30.4	Rekneskap pr. 30.4	Avvik i kr
7 920 058,-	6 916 154,-	1 003 904,-

Erfaringsmessig kjem det større utgifter mellom 1 og 2 tertial. Eininga ligg an til å halde budsjettet i 2022.

Vedlikehaldsetterslep:

I samsvar med års- og utviklingsplan for Teknisk vert det gjennomført kartlegging av behov for vedlikehaldsarbeid på kommunale bygg med einingane kvar vår. Gjennomførte rundar synar at etterslepet på sjølve bygga og som bør løysast på kort sikt er på om lag 12 mill. I tillegg kjem behov på eigedom og vegar. Nokre av vedlikehaldstiltaka er hastetiltak og er sett i bestilling. Dersom eininga skal få utført ytterlegare vedlikehaldsarbeid for 2022 må rammene aukast. Dette føreset overskot på drifta til kommunen totalt sett og at dette blir prioritert i tertial og budsjett.

I samband med arbeid med hovudplan for veg har kommunen fått kartlagd status og tilstand på dei kommunale vegane. Kostnadskalkylar m.fl ligg i hovudplanen. Dette dokumentet vil danne grunnlag for prioriteringar på vedlikehald.

Investeringar:

Budsjett 2022	Rekneskap pr 16.05.2022
97 200 000	18 491 826

Det er generelt høgt investeringsaktivitet i kommunen. Det er krevjande å sikre god prosjektstyring og framdrift ved sida av andre driftsoppgåver og beredskapsarbeid. Det er no er stor prisauke på alle områder, noko som påverkar kostnadskalkylane innan ein del prosjekt. Situasjonen i Ukraina påverkar leveransar og markedet i stor grad. Det er knytt stor usikkerheit til indeksregulering. Kommunen må ta høgde for dette.

Naudsynte justeringar på finansiering vert handtert gjennom budsjettreguleringa.

Vedlegg:

Vedtakscodeoversikt

Periode: 01.01.2022- 30.04.2022

Vedtakscode 10 - Vedtak påført (23 saker)

JPID	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2021009768	Framlegg til omstillingshandbok for Aurland kommune	25.01.2022	
2021011643	Framlegg til HMT systemhandbok for Aurland kommune	27.04.2022	
2021011528	Framlegg til administrativ beredskapsplan ved streik	07.04.2022	
2021011519	Busetting av flyktningar 2022	07.04.2022	
2021011169	Turveg Heggvikji - Bøen - finansiering	07.04.2022	
2021010398	Prinsipp og kriterium for tildeling av helse og omsorgstenester	07.04.2022	
2021011077	Namnesak Otternes / Åtnes	24.03.2022	
2021011205	Drift av torget i Flåm 2022	24.03.2022	
2021011404	Gåve til Flyktningehjelpen	24.03.2022	
2021011215	Søknad tilskot til kulturbygg- Ljom Ungdomslag	21.03.2022	
2021011057	Tilskot til kulturbygg 2022	21.03.2022	
2021011203	Aurland trafikk og parkering	07.04.2022	
2021010161	Løyve til bygging av uthus på GBNR 44/26 - dispensasjon frå arealføremål og § 1-8	09.03.2022	
2021010339	Utlegging av eigedomsskatt 2022 til offentleg ettersyn	22.02.2022	
2021010009	Dispensasjonssøknad - Kystverket - Navigasjonsinnretningar i Nærøyfjorden	14.02.2022	
2021009415	Kommunale retningsliner for handsaming av søknadar om løyve til motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag - REVIDERING - justering av høyringsframlegg	14.02.2022	
2021009833	Framlegg til prosjektmandat og omstillingshandbok - Omstilling og nyskapande utvikling i Aurland kommune	10.02.2022	
2021009825	Framlegg til kommunikasjonsstrategi for Aurland kommune	10.02.2022	
2021009906	Prioritert rekkefølge for tiltakslista i Bustadpolitisk handlingsplan 2020-2030 for Aurland kommune - forslag frå Bustadpolitisk utval	10.02.2022	
2021007510	Retningslinjer for tildeling av kommunale bustadtomter	10.02.2022	
2021009356	Fråsegn til søknad om konsesjon - oppgradering av Aurland stasjon 1	03.02.2022	

2021009932	Korona / COVID-19 - Kompensasjonsordning til lokale verksemdar 2021 - Tildeling i 6. runde av kommunale kompensasjonsmidlar	03.02.2022
2021010769	Vurdering av planinitiativ - Detaljregulering - oppstillingsplass E16	14.03.2022

Vedtakskode 20 - vedtak ekspedert (1 saker)

JPID	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2021010549	Gunnstein Ohnstad - Søknad om motorferdsel i utmark - barmark	25.04.2022	

Vedtakskode 30 - vedtak under arbeid (2 saker)

JPID	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2021008916	Evalueringsrapport OU-fase 1	25.01.2022	
2021007461	Evaluering av Nynorske Litteraturdagar	03.01.2022	

Vedtakskode 40 - vedtak utført (7 saker)

JPID	Tittel	Vedtaksdato	Merknad
2020005110	Bruk av velferdsmidlar 2020	01.01.2022	
2021002545	IKT-driftsamarbeid - val av ny retning	01.01.2022	
2021008323	Uttale til Vestland Fylkeskommune etter synfaringar på Otternes	03.01.2022	
2021006806	Framlegg til endring av forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune, Vestland	04.01.2022	
2021002756	Retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Aurland kommune	13.01.2022	
2021004282	Intensjonsavtale mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap (IKTNH) og Aurland kommune	01.03.2022	
2021011047	Namnesetting på nye adresseparsellar i Aurland Kommune	21.04.2022	

Sogn og Fjordane Holding AS

Vår sakshandsamar:
Svein Øverland

Dato:
27. mai 2022

Vår refer
Styret
Dykkar referanse:

Til

Eigarane i Sogn og Fjordane Holding AS
Med kopi til styret, eigarrepresentantane, sekreteriata for kontrollutvala og revisor

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING

Eg syner til tidlegare varsel. Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i Sogn og Fjordane Holding AS.

Stad: Digitalt møte/Google Meet
Dato: 14. juni 2022 kl. 14.30- ca 15.30

Eg ber om varsle om ev. forfall og kven som deltek på møtet som eigarrepresentant innan den 7. juni 2022. Dersom nokon frå kontrollutvala skal delta, så ber eg om å få tilsendt navn og e-post innan den 7. juni 2022.

Varsel kan sendast til meg Jenny Følling på e-post, jenny.folling@sunnfjord.kommune.no og med kopi til Svein Øverland, svein.overland@pwc.com

Sakliste:

1. Frammøte/registrering
2. Godkjenning av sakliste og innkalling
3. Val av møteleiar
4. Val av personar til å skrive under møteboka saman med møteleiar
5. Godkjenning av årsrekneskap 2021 med disponering av årets resultat og utdeling av utbytte
6. Godtgjersle til revisor
7. Godtgjersle til styret
8. Orientering om eigarskapsmeldinga frå Vestland Fylkeskommune

Fullmakt:

Fullmaktskjema ligg ved denne innkallinga.

Sakene:

Sak 5 Godkjenning av årsrekneskap 2021 med disponering av årets resultat og utdeling av utbytte

Signert årsrekneskap, styret si orientering og revisor si melding ligg ved. Det blir tilrådd eit utbytte på NOK 35 012 674 for rekneskapsåret 2021.

Som følge av usikkerheit knytt til om det vil kome utbytte frå Sogn og Fjordane Energi AS til Sogn og Fjordane Holding AS i 2022, kan dette medføre at Sogn og Fjordane Holding AS ikkje kan avsette utbytte i årsrekneskapen for 2022, med utbetaling i juli 2023.

Adresse
Naustdalsvegen 1B
N-6800 FØRDE
Norge

Mobitelefon
95261332
E-post:
svein.overland@pwc.com

Bank
Org. nr.:
989 339 338

Styret rår generalforsamlinga til å gjere slikt vedtak:

1. «Styret si orientering og årsrekneskap for 2021 vert godkjent med eit overskot på kr 36 444 221 .
2. «Sogn og Fjordane Holding AS sitt resultat for 2021 på NOK 36 444 221 vert disponert slik:

Avsatt til utbytte:	NOK 35 012 674
Overført til annan eigenkapital	NOK 1 431 547
Sum overført:	NOK 36 444 221»

Sak 6 Godtgjersle til revisor

Styret rår generalforsamlinga til å gjere slikt vedtak:

«Revisor vert godtgjort etter rekning»

Sak 7 Godtgjersle til styret

Forventa årslønsveksten i kommunal sektor er på 3,7 %. Satsane for 2021 skal regulerast med denne veksten.

Styret rår generalforsamlinga til å gjere slikt vedtak:

«Det vert fastsett slikt honorar for 2022:

- *Leiar: frå kr 54 100 til kr 56 100*
- *Medlem: frå kr 2 034 pr. møtedag til kr 2 109 per møtedag*
- *Ulegitimert tap i inntekt: frå kr 1 547 til kr 1 632*
- *Legitimert tap i inntekt: frå kr 6 102 til kr 6 328*

Sak 8 Orientering om eigarskapsmeldinga frå Vestland Fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har sendt ut informasjonsskriv og ny eigarskapsmelding vedtatt i desember 2021, og oppmoda om at fylkeskommunen sine krav og forventningar til selskapet vert handsama som eiga sak på komande generalforsamlingar,

slik at eigarorganet kan ta stilling til og vonleg vedta dei nemnde rammene. Selskapet vil orientere om status på desse forholda og vidare framdrift.

27. mai 2022

For styret i Sogn og Fjordane Holding AS

Med venleg helsing

(Digitalt signert)

Jenny Følling

jenny.folling@sunnfjord.kommune.no

479 05 990

Vedlegg:

Signert årsrekneskap, styret si orientering og revisjonsmelding 2021

Fullmaktsskjema

Pålogging: Google Meet(invitasjon vert sendt ut seinare)

FULLMAKT

Den som underteiknar og er eigar av _____ aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS gir med dette fullmakt til:

Styret sin leiar, Jenny Følling

eller

til å møte og stemme for våre aksjar på generalforsamlinga som vert halde 14. juni 2022.

Stad / dato

Namn på eigar av aksjane

(underskrift av/ på vegne av aksjeeigar)

Gjenta med blokkbokstavar

Adresse:

Postnr.:

Stad:

Fullmakta vert sendt i e-post til styret sin leiar Jenny Følling, jenny.folling@sunnfjord.kommune.no, med kopi til Svein Øverland, svein.overland@pwc.com

Sogn og Fjordane Holding AS

ORIENTERING FRÅ STYRET FOR 2021

Føremål og organisering

Selskapet eig ved utgangen av året 49,51 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE).

Føremål

Føremålet er:

«Selskapet eig per 8. oktobert 2019 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS – og sjølv eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.»

Eigarar

Verksemda er eigd av kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane (80 % - B-aksjar) og Vestland fylkeskommune (20 % - A-aksjar). Fylkeskommunen har 51 % av røystene, resten er fordelt mellom kommunane.

Styre

A-aksjar	
Jenny Følling	Leiar
Hilmar Høl	Medlem
Noralv Distad	Medlem
Trude Brosvik	Vara
B-aksjar	
Per Jarle Myklebust	Medlem
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem
Anne Kristin Førde	Vara

Dagleg leiing

Styret ivaretek dagleg leiar funksjonen¹. Selskapet har ingen tilsette. Forretningskontor er Leikanger kommune. Svein Øverland i PricewaterhouseCoopers AS er kontaktperson.

¹ Aksjelova § 6-2

Viktige hendinger i 2021

Val til SFE

I samsvar med aksjonæravtalen nominerte styret to medlemar og to varemedlemar til styret i SFE

Dei som vart vald inn i styret til SFE vart:

Styret:

Sigurd Reksnes, Styreleiar - Personleg vara Oddmund Klakegg (attval)

Henrik Oppen, styremedlem – Personleg vara Merete Lunde

Ordinært utbyte

Utbyte frå SFE kjem normalt inn til verksemda i september kvart år. Det står då på konto fram til rekneskapsavslutning og ordinær generalforsamling i holdingselskapet året etter. Ein mottok kr 37.160.220 i utbyte frå SFE i 2021. SFE har i sitt foreløpige årsrekneskap for 2021 ikkje avsett for utbytte på grunn av at selskapet har fått underskot som følge av store tap på prissikring av kraftproduksjon. Det er difor usikkert om Sogn og Fjordane Holding AS vil motta utbytte frå SFE i 2022. SFE-styret ønskjer å utsetje avgjersla om eventuelt utbytte til hausten 2022, og vil be generalforsamlinga i SFE om fullmakt til eit utbytte på inntil kr 75 000 000.

Det er i årsrekneskapen til Sogn og Fjordane Holding for 2021 avsett kr 35 012 674 i utbyte.

Om årsrekneskapen 2021

Resultatet

SFH har ikkje hatt inntekter utover siste år sitt utbytte frå SFE og rente på bankinnskot.

Selskapet hadde i 2021 eit overskot etter skatt på kr 36 444 221.

Normalt vil eitt års forskyving av utbytte gje renteinntekter som dekker utgiftene, som vanlegvis er avgrensa til styrehonorar, rekneskapsføring, revisjon og administrative tenester. Som følge av utbyttestorleiken frå SFE og låg rente, så går noko av avkastninga frå SFE til å dekke desse driftskostnadane.

Grunnlaget for vidare drift

Den framlagde resultatrekneskapen og balansen pr. 31. desember 2021 gir etter styret sitt syn eit godt og rettvisebilde av den reelle statusen for selskapet ved årsskiftet.

Føresetnaden for vidare drift er til stades, og rekneskapen for selskapet er sett opp i samsvar med det.

Disponering av resultatet

Styret tilrår med dette følgjande disponering av årsresultatet:

Utbytte	kr 35 012 674
Overført til annan egenkapital	kr 1 431 547
Sum disponering	kr 36 444 221

Leikanger, 20.04.2022

Jenny Følling	Hilmar Høl	Noralv Distad	Per Jarle Myklebust	Gunn Åmdal Mongstad
Styreleiar	Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem

Orientering frå styret i Sogn og Fjordane Holding

Signers:


<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Mongstad, Gunn Åmdal	BANKID_MOBILE	2022-04-22 15:22
Følling, Jenny Ellaug	BANKID_MOBILE	2022-04-22 22:05
Høl, Hilmar	BANKID_MOBILE	2022-04-21 10:12
Distad, Noralv	BANKID	2022-04-20 21:00
Myklebust, Per Jarle	BANKID_MOBILE	2022-04-20 23:31

**This document package contains:**

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.




This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



Årsrekneskap 2021

Sogn og Fjordane Holding AS

Resultatrekneskap
Balanse



Org.nr.: 989 339 338

RESULTATREKNESKAP

SOGN OG FJORDANE HOLDING AS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2021	2020
Lønskostnad	3	170 493	163 460
Annan driftskostnad	3	590 297	567 282
Sum driftskostnader		760 790	730 743
Driftsresultat		-760 790	-730 743
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Inntekt frå investering i anna føretak i same konsern	5	37 160 220	59 287 616
Anna renteinntekt		157 558	1 423
Resultat av finanspostar		37 317 778	59 289 039
Ordinært resultat før skattekostnad		36 556 988	58 558 296
Skattekostnad på ordinært resultat	6	112 767	58 322
Ordinært resultat		36 444 221	58 499 974
Årsresultat		36 444 221	58 499 974
OVERFØRING			
Avsett til utbytte		35 012 674	29 912 251
Ekstraordinært utbytte		0	28 761 780
Avsett til annan egenkapital		1 431 547	0
Overføring frå annan egenkapital		0	174 057
Sum overføringar		36 444 221	58 499 974

BALANSE

SOGN OG FJORDANE HOLDING AS

EIGEDELAR	Note	2021	2020
ANLEGGSMIDDEL			
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Investeringar i tilknytt selskap	5	524 653 491	524 653 491
Sum finansielle anleggsmiddel		524 653 491	524 653 491
Sum anleggsmiddel		524 653 491	524 653 491
OMLØPSMIDDEL			
KRAV			
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	39 363 642	32 603 260
Sum omløpsmiddel		39 363 642	32 603 260
Sum egedelar		564 017 133	557 256 751

BALANSE

SOGN OG FJORDANE HOLDING AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2021	2020
EIGENKAPITAL			
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Aksjekapital		3 834 904	3 834 904
Overkurs		476 308 993	476 308 993
Sum innskoten egenkapital		480 143 897	480 143 897
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan egenkapital		48 502 568	47 071 022
Sum opptent egenkapital		48 502 568	47 071 022
Sum egenkapital	7, 8	528 646 466	527 214 919
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		161 826	59 204
Betalbar skatt	6	112 767	58 322
Skyldige offentlige avgifter		83 400	12 055
Utbytte		35 012 674	29 912 251
Sum kortsiktig gjeld		35 370 667	30 041 832
Sum gjeld		35 370 667	30 041 832
Sum egenkapital og gjeld		564 017 133	557 256 751

Leikanger, 20.04.2022
Styret i Sogn og Fjordane Holding AS

Jenny Ellaug Følling
Styreleiar

Hilmar Høl
Styremedlem

Per Jarle Myklebust
Styremedlem

Gunn Åmdal Mongstad
Styremedlem

Noralv Distad
Styremedlem

Noter til årsrekneskapen for 2021

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er presentert i samsvar med krav i rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Dotterselskap/tilknytt selskap

Dotterselskap og tilknytt selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til historisk kost for aksjane med mindre nedskriving har vore nødvendig. Det blir gjort nedskriving til virkelig verdi når verdifallet er venta å vere varig og det er i samsvar med god rekneskapsskikk.

Nedskrivinger blir reversert når grunnlaget for nedskriving ikkje lenger er til stades.

Utbyte og andre utdelingar blir inntektsført same år som det er avsatt i datterselskap. Overstig utbyte del av tilbakehalde resultat etter kjøpet, representerar den overskytande del tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane går til frådrag i investeringa sin verdi i balansen.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, samt postar som knyt seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar vurderes til laveste av historisk kost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar blir vurdert til historisk kost, men blir nedskrive til virkelig verdi ved verdifall som ikkje er forventta å vere forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid blir avskrive planmessig. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Skattar

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både perioden sin betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsatt skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige forskjellane som eksistera mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserar eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsatt skattefordel blir balanseført i den grad det er sannsynleg at denne kan bli nyttiggjort.

Note 2 - Bankinnskot

Selskapet har kr 134.119 i bundne midlar per 31.12.

Noter til årsrekneskapen for 2021

Note 3 - Lønnskostnader, tall ansatte, lån til ansatte og godtgjersle til revisor

<i>Lønnskostnader</i>	2021	2020
Styrehonorar	154 154	147 794
Arbeidsgjevaravgift	16 339	15 666
Sum	<u>170 493</u>	<u>163 460</u>

Selskapet har ikkje dagleg leiar. Styreleiar har mottek 54 100 kr i styrehonorar for 2021.

Selskapet har ingen ansatte og er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Godtgjersle til revisor er fordelt på følgende: **2021**

Revisjon 45 677

Beløpa er inkludert meirverdiavgift.

Note 4 - Mellomverende med aksjonær

<i>Gjeld</i>	2021	2020
Avsatt utbyte	35 012 674	29 912 251

Note 5 - Dotterselskap, tilknyttet selskap m v

Selskap	Kontor	Eigar- del	Stemme Del	Resultat 2021	Eigenkapital pr. 31.12	Bokført verdi pr. 31.12
Sogn og Fjordane Energi AS	Gloppen kommune	49,51%	49,51 %	-64 644 000	2 960 993 000	524 653 491

Sogn og Fjordane Holding AS mottok utbyte på kr 37 160 220 frå Sogn og Fjordane Energi AS i 2021. Utbyte var basert på eigardel på 49,51 % på tidspunktet for vedtak.

Noter til årsrekneskapen for 2021**Note 6 - Skatt**

<i>Årets skattekostnad fordeler seg på:</i>	2021	2020
Betalbar skatt	<u>112 767</u>	<u>58 322</u>
Årets totale skattekostnad	<u>112 767</u>	<u>58 322</u>
<i>Berekening av årets skattegrunnlag:</i>	2021	2020
Ordinært resultat før skattekostnad	36 556 988	58 558 296
Permanente forskjellar	1 000	-869
3% av skattefrie inntekter etter fritaksmetoden	1 114 807	1 778 628
Tilbakeføring av inntektsført utbytte	<u>-37 160 220</u>	<u>-59 287 616</u>
Årets skattegrunnlag før underskot til framføring	512 575	1 048 439
Underskot til framføring	<u>0</u>	<u>-783 340</u>
Årets skattegrunnlag	<u>512 575</u>	<u>265 100</u>
Betalbar skatt (22%) av årets skattegrunnlag	112 767	58 322

Note 7 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annen eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.	3 834 904	476 308 993	47 071 022	527 214 919
Årsresultat			36 444 221	36 444 221
Avsett utbytte			<u>-35 012 674</u>	<u>-35 012 674</u>
Egenkapital 31.12.	<u>3 834 904</u>	<u>476 308 993</u>	<u>48 502 568</u>	<u>528 646 466</u>

Noter til årsrekneskapen for 2021

Note 8 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen består av:

	Antal	Pålydande	Balanseført
A-aksjar	766 980	1 kr	766 980
B-aksjar	3 067 924	1 kr	3 067 924
Sum	3 834 904		3 834 904

Forskjellen mellom aksjeklassane er at aksjeklasse A har 51% av stemmene på generalforsamlinga. Elles er aksjane likestilte.

Oversikt over aksjonærene i selskapet pr. 31.12:

	A-aksjar	B-aksjar	Eiegar- del	Stemme- del
Vestland fylkeskommune	766 980	0	20 %	51 %
Sunnfjord Kommune	0	574 941	15 %	9,2 %
Kinn kommune	0	413 089	10,77 %	6,6 %
Sogndal kommune	0	345 503	9 %	5,5 %
Stad kommune	0	249 257	6,5 %	4 %
Sum	766 980	1 582 790	61,2 %	76,3 %
Øvrige (eigardel < 5%)	0	1 485 134	38,8 %	23,7 %
Totalt tal aksjar	766 980	3 067 924	100 %	100 %

Årsregnskap

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Mongstad, Gunn Amdal	BANKID_MOBILE	2022-04-22 15:20
Høl, Hilmar	BANKID_MOBILE	2022-04-21 10:07
Distad, Noralv	BANKID	2022-04-20 21:00
Følling, Jenny Ellaug	BANKID_MOBILE	2022-04-22 22:06
Myklebust, Per Jarle	BANKID_MOBILE	2022-04-20 23:31

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til generalforsamlingen i Sogn og Fjordane Holding AS

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Sogn og Fjordane Holding AS som består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening oppfylder årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2021 og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjon

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og *International Code of Ethics for Professional Accountants* (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvike selskapet eller virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil og er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoen, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er

høyere enn for feilinformasjon som skyldes feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av og tidspunktet for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Bergen, 26. april 2022
ERNST & YOUNG AS

Revisjonsberetningen er signert elektronisk

Eirik Moe
statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Eirik Moe

Statsautorisert revisor

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: 9578-5994-4-673444

IP: 195.69.xxx.xxx

2022-04-26 07:34:39 UTC



Penneo Dokumentnr: E1DYD-71MEH-MPEH-JS4TG-3GFO-HLOS4I

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Sogn og Fjordane Holding AS
Eigarskap og røyster

Kommune	Klasse	Eigarskap	Røyster
Vestland fylkeskommune	A	20,00 %	51,00 %
Sunnfjord kommune	B	14,99 %	9,18 %
Kinn kommune	B	10,77 %	6,60 %
Sogndal kommune	B	9,01 %	5,52 %
Stad kommune	B	6,50 %	3,98 %
Stryn kommune	B	4,55 %	2,79 %
Gloppen kommune	B	3,91 %	2,40 %
Årdal kommune	B	3,63 %	2,22 %
Luster kommune	B	3,61 %	2,21 %
Høyanger kommune	B	3,08 %	1,89 %
Bremanger kommune	B	2,89 %	1,77 %
Askvoll kommune	B	2,57 %	1,58 %
Fjaler kommune	B	2,45 %	1,50 %
Vik kommune	B	2,40 %	1,47 %
Gulen kommune	B	2,23 %	1,37 %
Lærdal kommune	B	2,15 %	1,32 %
Aurland kommune	B	1,96 %	1,20 %
Hyllestad kommune	B	1,77 %	1,09 %
Solund kommune	B	1,51 %	0,93 %



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/545- 22/3246	K1-145	Beathe Ekhall Stentvedt 91111406	24.05.2022

Løyvingsoversikt § 5-4 - årsbudsjett 2022

Saka gjeld:

Manglande løyvingsoversikt § 5-4 første ledd i sak KS-103/21 Økonomiplan 2022 - 2025/Budsjett 2022

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek framlagt løyvingsoversikt § 5-4 første ledd for budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

Saksframlegg

I brev frå Statsforvaltaren om budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025 vart kommunen gjort merksame på at til handsaminga og vedtaket til kommunestyret mangla løyvingsoversikt drift, jf. forskrifta § 5-4 første ledd.

I staden hadde kommunen lagt inn oversikt etter forskrifta § 5-6 under overskrifta § 5-4 første ledd (s. 20 i Økonomiplan 2022-2025 og budsjett 2022).

Løyvingsoversikt etter § 5-4 første ledd er obligatorisk for kommunestyret sitt vedtak og vert lagt fram her.

Økonomiske oversikter § 5-4 1. ledd

	Budsjett 2022	Budsjett 2021	Regnskap 2020
Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)			
1 Rammetilskudd	46 219 000	43 500 000	46 453 584
2 Inntekts- og formueskatt	61 846 000	56 000 000	51 886 747
3 Eiendomsskatt	44 000 000	49 000 000	49 316 439
4 Andre generelle driftsinntekter	58 964 597	61 171 000	56 072 771
5 Sum generelle driftsinntekter	211 029 597	209 671 000	203 729 540

6 Sum bevilgninger drift, netto	190 116 697	192 544 036	181 616 877
7 Avskrivningar	24 220 934	24 220 934	23 743 693
8 Sum netto driftsutgifter	214 337 631	216 764 970	205 360 570
9 Brutto driftsresultat	- 3 308 034	- 7 093 970	- 1 631 029
10 Renteinntekter	600 000	700 000	705 300
11 Utbytter	2 000 000	2 000 000	565 020
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-	-	-
13 Renteutgifter	3 500 000	2 500 000	3 211 375
14 Avdrag på lån	10 000 000	10 000 000	9 997 036
15 Netto finansutgifter	- 10 900 000	- 9 800 000	- 11 938 091
16 Motpost avskrivningar	24 220 934	24 220 934	23 743 693
17 Netto driftsresultat	10 012 900	7 326 964	10 174 572
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
18 Overføring til investering	- 6 000 000	- 13 280 000	-
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	- 2 012 900	8 323 036	- 15 192 463
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	- 2 800 000	- 1 072 000	5 017 892
21 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	- 10 812 900	- 6 028 964	- 10 174 571
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	- 1

Vedlegg til saka:

Aurland kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025.pdf
Økonomiplan 2022-2025 og budsjett 2022 - endeleg plan vedteke av kommunestyret
16.12.21



Aurland kommune
Vangen 1
5745 AURLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Aurland kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Aurland kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 103/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Aurland kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Aurland svært høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, skal kommunen godt vareta den økonomiske handleevna over tid. Det er planlagt ein sterk auke i lånegjelda. Med grunnlag i kommunen sine høge inntekter, meiner vi at kommunen må eigenfinansiere ein større del av investeringane mot reduksjon i nye låneopptak og gjere ein nærmare analyse av renterisikoen knytt til utviklinga av lånegjelda.

Til handsaminga og vedtaket til kommunestyret mangla løyvingsoversikt drift, jf. forskrifta § 5-4 første ledd. Vi ber om at denne oversikta for budsjett og økonomiplan blir lagt fram og vedteken av kommunestyret, og sendt til Statsforvaltaren innan 01.07.2022.



Kommunelov med forskrift

Vi viser til vårt brev av 09.11.2021 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Statsforvaltaren. I brevet er m.a. krava til økonomiske oversikter omtalt. I dokumentet til budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025 har kommunen under hovudoversikter lagt inn tekst om løyvingsoversikt drift etter forskrifta § 5-4 første ledd. Men oversikta som er lagt inn, er etter forskrifta § 5-6. Difor manglar oversikt etter § 5-4 første ledd, som er obligatorisk for kommunestyret sitt vedtak.

Budsjett 2022

Etter førebelse Kostra-tal for 2021 har kommunekassen eit netto driftsresultat på 35,5 mill. kroner.¹ Det utgjier 11 prosent av driftsinntektene. Etter at det er avsett 10,1 mill. kroner til bundne fond, er avsetjinga til disposisjonsfond 25,4 mill. kroner. Fondet er ved utgangen av 2021 på 39,9 mill. kroner, som er 12,5 prosent av driftsinntektene. For kommunekonsernet² er den frie eigenkapitalen 24,6 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 138,065 mill. kroner. Prognosen etter vedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2022 er på 136,7 mill. kroner.

Inntektene for eigedomsskatt er budsjetterte til 47,5 mill. kroner, tilsvarande som faktisk inntekt i 2021. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er lagt inn med 15 mill. kroner, ein auke på 7,7 mill. kroner frå 2021-budsjettet. Inntekta frå konsesjonsavgift på vasskraftanlegg er vidareført med 17,4 mill. kroner. Netto finansutgifter er budsjettert med 10,9 mill. kroner, medan faktisk utgift i 2021 var 11,8 mill. kroner.

Netto driftsresultat er budsjettert med 10 mill. kroner. Dette utgjier 3,9 prosent av driftsinntektene. Resultatet blir disponert gjennom 6 mill. kroner i overføringar til investeringar, 3 mill. kroner i avsetjingar til bundne fond og 1 mill. kroner til disposisjonsfond.

Investeringsbudsjettet 2022

Kommunen har budsjettert med investeringar i varige driftsmiddel for til saman 97,2 mill. kroner. Investeringane er finansierte med 15 mill. kroner i nytt låneopptak, 31,3 mill. av unytta lånemidlar, momskompensasjon 17,3 mill., overføring frå drift 5,4 mill. og tilskot 28,3 mill. kroner. Lånefinansiering til brukarbetalte VA-anlegg utgjier 16,3 mill. kroner. Tenesteområdet pleie- og omsorg har dei største investeringane med 53 mill. kroner. Det er budsjettert med 6 mill. kroner i startlån frå Husbanken til vidare utlån.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei langsiktig lånegjeld på 258 mill. kroner, som utgjorde 80 prosent av driftsinntektene. I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 115 prosent.³ Etter førebelse Kostra-tal for 2021, har Aurland låg netto renteeksponering (29,8 prosent av totale driftsinntekter, mot landet utan Oslo 49,8).⁴

¹ Tal for kommunekassen

² og ³ Førebelse Kostra-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

⁴ For Aurland betyr det at ein renteauke på ein prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med 0,3 prosent av driftsinntektene.



Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Handlingsdelen til kommuneplanen, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Inntekter som skatt, rammetilskot, overføringar og brukarbetalingar er i sum vidareførte på same nivå i heile perioden. Det same gjeld sum driftsutgifter.

Netto driftsresultat er budsjettert mellom 3,9 til 4,4 prosent, som gjev eit gjennomsnitt på 4,1 prosent. Sum netto driftsresultat i kroner for heile perioden er på 42,3 mill., og blir disponert gjennom overføringar til investeringsbudsjettet med 25,8 mill. kroner, avsetjing til bundne fond 7,9 mill. og til disposisjonsfond 8,5 mill. kroner. Det betyr ei oppbygging av disposisjonsfondet til kommunekassa (utan KF) til å utgjere om lag 18 prosent av budsjetterte driftsinntekter i 2025.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel på 241 mill. kroner. Av dette skal 119 mill. kroner bli finansiert med nye lån, der 74 mill. kroner utgjør lån til investeringar i VA-anlegg. Avdrag er budsjettert med 40 mill. kroner, og brutto lånegjeld aukar til om lag 130 prosent av driftsinntektene.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Aurland kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

Netto korrigert driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	> 1,75
Gjeldsgrad i prosent av brutto driftsinntekter	< 75
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	> 10

Etter budsjett- og økonomiplan oppnår kommunen målsetjingane til måltala for driftsresultat og disposisjonsfond. Men gjelda aukar sterkare enn driftsinntektene, og gjeldsgraden vil ligge langt over måltalet.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Aurland svært høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, skal kommunen klare å oppnå dei vedtekte finansielle måltala og godt vareta den økonomiske handleevna over tid. Det er planlagt ein sterk auke i lånegjelda. Med grunnlag i kommunen sine høge inntekter, meiner vi at kommunen må eigenfinansiere ein større del av investeringane mot reduksjon i nye låneopptak. Sjølv om kommunen i utgangspunktet har låg netto renteesponering, bør det likevel gjerast ein nærmare analyse av utvikling av lånegjelda.



Til handsaminga og vedtaket til kommunestyret mangla løyvingsoversikt drift, jf. forskrifta § 5-4 første ledd. Vi ber om at denne oversikta for budsjett og økonomiplan blir lagt fram og vedteken av kommunestyret, og sendt til Statsforvaltaren innan 01.07.2022.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent